



Referat møte i Team Hardanger(TH) Tysdag 13.09.2021 kl 10.15-14.15 i Norheimsund

Møtte: Jan Tjosås, Lisbeth B. Celik, Inge Håvard Aarskog, Mona Hellesnes, Øyvind Stueland, Sigmund Vereide, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo
Gjester: Ingunn Aanes, EY og Kathrin Jakobsen, Vestland fylkeskommune

Sakliste

1. **Grøn Region Indre Vestland. Presentasjon v/ Ingunn Aanes, EY**
Litt frå presentasjon og samtale.

Kva er unikt for Hardanger?

- Natur og kultur opplevingar
- Indre Vestland som unikt rekreasjonsområde for "Bergen" både vinter og sommar
- Generasjonskifte og fornying i landbruket - unik optimisme
- Tilfang av komplementerende arbeidsplassar
- Har viktige lokale nettverk: eks. Siderklynga: trygt-utviklande og inspirerende

Kva kan styrka Hardanger?

- Ein bu- og arbeidsregion
- Vidareforedling viktig både for landbruk, industri og kraftproduksjon.
- Samarbeid med vgs. og vera til stades når ungdom tar valg
- Kan framtida by på arbeidsplassar f.eks i Oslo med bustad i Hardanger?
- Skapa nye innovasjonsmiljø og kontorfelleskap

Har mål å avdekka om :

- kva karrieremoglegheiter som finnst
- tilgang på desentralisert utdanning

Bærekraft - kven skal definera den?

Grøn region Vestland må arbeida med "Bærekraftig Reiseliv"-modellen
Korleis kan me bygga opp reiselivs "HUB'ar"?
Korleis utvikla regionsentraene til sterkare "hubbar"?

Symbiosar og nye prosjekt med geografiske synnergjar:

1. HYDROGEN
2. SIDERKLYNGA

Leverandørprosjekt

- grep for å førebu seg på dei store prosjekta
- korleis få nok arbeidskraft?

Barrierar

Utviklingstankegang på regionalt nivå - F.eks kan ein ikkje basera kollektivtrafikk på skuleruter i ein reiselivsregion.

2. Planlegging av samling for planavdeling i kommunane

Å innarbeida besøksforvaltning i planarbeid.

Må ha med planavdelingar.

Case Hardanger kan vera ein natureleg start på samarbeid mellom TH og planavdelingar.

Må kobla nærings- og planavdeling på strategisk reiselivsplan som skal utarbeidast.

Må ha ei konkret oppgåve for å ha møte.

Kan det vera ein ide å invitera ein planavdeling frå ein kommune i Nordland?, saman med fylkeskommunen og Besøksforvaltningsposjektet?

Ny strategisk reiselivsplan for Hardanger:

Det er utfordrande at motivasjonen for å utvikla reiselivsstrategien ikkje er eins. Det vil også gjera det veldig utfordrande å koma fram til noko som me er omforreint med, og som til slutt heng saman med kommuneplanane.

Oppfordrar å ha med ekstern plankompetanse i arbeidet, gjerne frå fylke.

Kan prosessen vera like viktig som planen?

Skal me kjøra prosess så må me vera enige om kva resultat me skal ha.

Utfordringen er den store røde tråden. Ein bør kanskje ta eit steg tilbake og ta dei diskusjonane?

Me er enige om at me treng å forankra prosessar i planverket.

Kan me be Knut Bjørn Stokke frå NMBU koma på neste TH 16.11.21?

Tema: Besøksforvaltning som ein del av kommunalforvaltning.

Bør også invitera Marta Dixon for å prata om kva utfordringar me ønskjer å sjå på.

Når det gjeld Strategisk reiselivsplan så har Visit Hardangerfjord invitert Hardangerrådet til å vera samarbeidspartnarar, og dei skal møtast 21.10.21 .

3. Runde rundt bordet

Næringshagen i Ullensvang v/ Øyvind Stueland

- Vellukka Norsk Hydrogensymposium. Konferansen kan brukast endå meir, også for å profilera Hardanger og Hardangerprodukt.
- Det har vore mange besøk til Odda i det siste: IN,NHO E134 - her har Hardanger industri fått god anledning til å presentera alt som skjer i regionen.
- Dei har også delteke på møte om regional transportplan
- Utdanning og samarbeid mellom Kvinnherad, Voss og Kvam. Kartlegging og kva det er interesse for. Nøringhagane sine felleskurs har stor pågang.
- Prosjektet Hydrogenvegen går sin gang.

Ullensvang kommune v/Inge Håvard Aarskog

- ➔ Samarbeider tett med Hardanger Industri, Ullensvang reiseliv og Ullensvang Handel. Desse har oppretta eit overordna organ, Ullensvang næringsråd. Vil arbeida breitt ut mot øvrige myndigheiter for å sikra verdiskaping i regionen.
- ➔ Vekst og strategifondet er eit eige fond, og har no f.eks støtta med 1 mill til snøkanoner på Folgefonna skisenter.
- ➔ Biogassanlegg i Jondal, har no ein intensjonsavtale med mål om å etablere seg der.
- ➔ Strategisk næringsplan har no temaplan ute til ettersyn. Arealplanen skal starta med innspel i neste veke. Viktig å "møte" folk heime.
- ➔ KVVU til Hardangerlift er snart klar - det er spennande tider.

Ulvik herad v/ Mona Hellesnes

- To store nye utviklingsprosjekt:
 - Bruravik kai
 - Holmen kulturpark
- Dei er no igang med eigen reiselivsstrategi, og vil i dette arbeida vera tett på Visit Hardangerfjord sin Regionale reiselivsstrategi.
- Samfunnsdel av kommuneplan er også eit arbeid som skal igang.
- Dei tilsette i kommunen skal ha økonomiseminar med fokus på næringsutvikling og kva betydning det har for kommunen. Kompetanse er viktig for kommunen.
- Fortel om stor oppgradering og investeringar på Finse, både på hotellet og turisthytta.

Kvam herad v/ Jan Tjosås

- Hardanger og Voss Museum har fått statleg støtte til "Tett på"-prosjekt i regi av Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund.
- Heradet i felleskap med VLFK, arbeider med ny vgs som skal byggast i Norheimsund.
- Det er også på trappene ein ny brannstasjon
- I Øystese er Hardanger Bygdeysteriet igang med produksjon og har lansert sin fyrste ost: Eldost.
- Lid Jarnindustri veks.

Eidfjord komune v/Lisbeth Bygstad Celik

- Har ny teknisk brannstasjon.
- I forbindelse med kompetanseheving, så nyttar studentar no flittig studiesenteret i Eidfjord. I desse lokala var det også i laga kontor tilrettelegt for det me no kallar ein HUB/kontorfellesskap. Ho oppfordrar Hardanger i felleskap å oppretta slike.
- Eidfjord er igang med ny strategisk næringsplan, med 4 punkter. (Kunne det vore del av ein samfunnsplan). Trur det er viktig å få ned antal planar, men ein plan som kan brukast. F.eks: Ny samfunnsplan som har strategiar for korleis den skal brukast.
- Små bedrifter med 5-6 ansatte er viktig for bygda og lokalt næringsliv, kommunen vil fokusera meir på dei.
- Å brukar Næringshagen i Hardanger som fasilitator har dei svært gode erfaringar med, og avtalen kommunene har me Næringshagen i Hardanger er viktig- for dei har større bredde og kunnskap om næringsutvikling enn det kommunen kan levera.

Næringshagen i Hardanger v/ Sigmund Vereide

- Fellesprosjektet Næringshagane Hardanger, Ullensvang og Voss. Ser no at samarbeid er krevande, men veldig bra.
- Hadde sit første store fellesmøte i Ulvik mellom medlemsbedrifter i alle dei tre næringshagane. Svært vellukka - samarbeid er fruktbart og bra.
- Skal igang med ei rekke kompetansekurs, i fleire bolkar.
- Utviklingsprosjekt:
 - Kvamskogen
 - Er inspirert av Dyranut fjellstove sin kvalitet på mat og vil rigga eit forstudie på "gourmet-ruta". Målet er å bygga kompetanse - gjerne med dyktige kokkar. Få matopplevelsen i Hardangr på nivå med naturopplevelsar - svært viktig prosjekt som kan få stor betydning.

Informasjon:

Det er lyst ut midddlar til å "skape" HUB'ar frå regjeringen. Kan Hardanger laga eit felles prosjekt der me set fokus på at heile regionen har tilbud/tilgang på eit kontorfelleskap.

4. Orientering frå dagleg leiar i Hardangerrådet

Utsett til neste møte

5. Innmeldte saker

Ingen innmelde saker

Referat Trude L. Rinaldo